



Strategiplan for Sunnhordland Museum 2025 - 2029

OM DOKUMENTET

Om dokumentet

Dette dokumentet beskriv Sunnhordland museum sin strategi for perioden 2025-2029.

Dokumentet er utarbeidd i perioden mars 2025 til november 2025 og vil vere gjenstand for årleg revisjon og eventuelle justeringar.

Prosess

Arbeidet med strategisk analyse og utvikling av strategien har blitt gjennomført av leiinga, styret og dei tilsette i Sunnhordland museum.

Totalt har det blitt gjennomført to interne arbeidsgrupper med tilsette og styret, samt jamlege dialog og avklaring internt før vedtak.

Introduksjon

Sunnhordland museum sin strategiplan for 2025 – 2029 inneheld visjon, ambisjonar, retningsval og strategiske initiativ for dei kommande åra. Strategien skal synleggjera museet sine satsingar ovanfor samarbeidspartar og løyvande myndigheiter.

Sunnhordland museum sin strategiske plan er forankra i relevante berekraftsmål og planen skal utførast i tråd med ICOM sitt etiske regelverk, samt dei til ei kvar tid gjeldande nasjonale lovar og retningsliner for offentlege musé.

Sunnhordland museum vart stifta i 1913 (Sunnhordland folkemuseum) og er eit regionalt museum for dei åtte kommunane i Sunnhordland. Museet forvaltar i dag 42 antikvariske bygningar og 2 hovedbygg for kontor og skiftande utstillingar. I tillegg kjem ei stor og representativ gjenstandssamling, samt foto- og privatarkivsamlingar. Museet sine hovudbygg ligg i Vidsteenparken i Leirvik på Stord.

Museet har fleire viktige historiske anlegg som spennar i tidsrom frå 1100-talet til i dag. Utstillingar ved fleire avdelingar gjenspeiler både kulturarv og moderne samfunnsrelaterte tematikk, samt ein del kunstutstillingar.

I tillegg er museet ein aktiv tilretteleggjar for fleire forskingsfelt og forskingsprosjekter, samt utviklar sjølv formidlingsprosjekter i samarbeid med forskingsaktørar og andre faggrupper.

I museet sitt føremål ligg det at stiftinga skal utvikla ein fagsterk og allsidig kunnskapsorganisasjon.

Museet skal vera ein samfunnsaktør gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling som bidreg til å utvikla samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid i regionen. Sunnhordland museum skal leggja vekt på å forstå og formidla regionens eiga historie, eiga kulturarv, og samanhengar desse går inn i.

Introduksjon

Ut frå desse føremåla skal ein driva og utvikla verksemda ved dei samlingane og tiltaka som museet eig, eller som museet har ein samarbeidsavtale med.

Sunnhordland museum forvaltar store kulturelle verdier. Innan områda gjenstandssamling og kulturhistoriske bygg ligg museet over landsnittet pr. årsverk. Dette gjer museet betydelege ressursmessige utfordringar, men og potensial for auka aktivitet og vekst.

Det er rimeleg å vurdere museet som underbemanna i forhold til arbeidsområder: administrativt, driftsteknisk, konservering, registrering, formidling og deltidsbemanning. Dette blir vurdert ut ifrå mål om å vere eit aktivt regionalt museum, som ønskjer å vere tilgjengeleg og av høg kvalitet.

Museet opplev godt besøk og god tilbakemelding frå skular, publikum og samarbeidspartnarar. Museet har mykje aktivitet innanfor formidling, bygningsvern og faglege/kulturelle arrangement.

Samstundes er Sunnhordland museum eit regionsmuseum med låge eigeninntekter.

For å skapa betre økonomisk handlingsrom er det viktig at museet arbeidar målretta med tiltak for å auka synlegheita og eigeninntekter, slik som forbetring av infrastruktur rundt anlegga, auka marknadsføring og auka formidling- og deltidsbemanning.

Fasilitetane på hovudmuseet er ikkje tilstrekkelege, verken for dagens drift eller for framtidig vekst. Det er avgjerande for tilsette å få betre kontorfasilitetar, universell tilgang for alle besøkande til museumsområdet, samt å kunne etablera eit industrikjøken og eit moderne resepsjonsområde dei næraste åra.

Det har blitt laga innovative arkitektteikningar og realistiske planar for eit nytt hovudmuseum i Leirvik, Stord (særleg reviderte teikningar frå des. 2024).

Målet er at anlegga i større grad vil ivareta universelle behov, tilstrekkelege kontor for tilsette og forventa tilbod til publikum. Det er desse elementa til saman som vil kunne gje museet ein realistisk moglegheit for høgare eigeninntening og skapa auka interesse for museet. Eit nytt hovedmuseum (byggetrinn 1) med to renoverte tilbygg (byggetrinn 2) vil vesentleg kunne styrka formidlinga, turismen og forskningssamarbeid i heile Sunnhordland, og leggja grunnlag for vekst og fagleg rekruttering.

Introduksjon

Museet ønskjer å auke informasjon, tilgjengelighet og fagleg formidling av museets mange bygg og gjenstandar. Det vil prioriterast å utvikla dei 3 hovudanlegga ved museet: Sunnhordlandstunet/hovedmuseet i Leirvik, Halsnøy kloster i Kvinnherad og Sæbøtunet i Etne. Dette ved å gjera hovudanlegga meir tilgjengelege og attraktive for publikum, samt gradvis styrking av ressursar, fagleg og driftsmessig.

Museet ønskjer og på sikt å klargjere fleire av våre mindre anlegg, for å kunne auka formidling og aktivitetar i fleire kommunar, og med fleire faglege partnerar. Men dette er gitt at det offentlege prioriterer meir ressursar til museet. Innan grunnfinansiering er særleg auke i kommunal driftstøtte avgjerande i denne perioden, for å kunne halde tilsvarande ambisjonar som andre regionsmusé i Noreg.

Frå 2025 blei museet offisielt medlem av ICOM international og ICOM Norge.

Museets plan for innsamling, bevaring- og konserveringsarbeid og formidling finnes i egne planar.

Vennleg helsing
Sofus Vikeså Kjekka, direktør

SUNNHORDLAND MUSEUMS SAMFUNNSOPPDRA

SAMFUNNSOPPDRA

Stiftinga Sunnhordland Museum skal utvikla ein sterk og allsidig kunnskapsorganisasjon, og vera ein profilert samfunnsaktør som gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling bidreg til å utvikla samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid i sunnhordlandsregionen.

GJENNOM Å VERA:

- Eit ope og tilgjengeleg museum
- Eit museum som representerer og inkluderer ulike stemmer
- Ein arena som gir rom for ulike aktuelle eller museumsrelevante tema og skapar debatt
- Eit museum som formidlar felles kulturhistorie
- Ein arena kor ein utviklar sin identitet
- Ein møtestad for samhandling
- Ein arena for å skape
- Eit museum som engasjerer

VÅR VISJON

"Museet vil skapa engasjerande møter og erfaringsbasert kunnskap mellom fortid, notid og framtid."

Museet skal bli eit regionalt knutepunkt for historieförvaltning, kunnskapsutveksling og kulturelle opplevingar gjennom:

- Engasjerande møteplassar
- Faglig styrke
- Utvikling av historieförvaltninga
- Skapa kulturdebatt

Museet vil bidra til meir:

- Innsikt
- Forståing
- Erfaringsutveksling
- Engasjement
- Det å utfordra tankar og konsepter
- Kulturell representasjon - kven si historie blir fortalt i museet?

AMBISJONAR OG RETNINGSVAL

I strategiperioden skal Sunnhordland museum bli fleire attraktive arenaer for publikum

Overordna ambisjon:

«Å bevare, utvikle og formidle regional kulturarv gjennom erfaringsbasert kunnskap og deltakande opplevelser.»

2. Strategiske samarbeid:

- Bli ein attraktiv samarbeidspartnar gjennom våre arenaer og kompetanse
- Utvikle museets posisjon i fleire regionale destinasjonsnettverk
- Oppnå forskningskrav gjennom samarbeid. Tilgjengliggjera forsking knytt til museet.

1. Utvikling av museets arenaer:

- Utvikle fagbaserte publikumskonsepter med lokal forankring.
- Prioritere å styrke 3 hovedanlegg: Sunnhordlandstunet, Halsnøy kloster, Sæbøtunet.
- Utvikla digitale tilbod av høy kvalitet (produkter og formidling.)
- Synliggjera fleire anlegg for publikum: Restaurera, laga vedlikehaldsrutiner og jevnlege utstillingar. Rekruttera innan formidling. Organiserar og registrerar gjenstandar. Produserar faglege og engasjerande skilt av gjenstandar og av bygg. Sørga for god skilting ved vei og tilkomstpunkt til anlegga.

3. Finansiering og eigeninntjening:

- Oppnå høgare eigeninntjening ved å utvikla: anlegga, formidlingsprodukter, eigne museumsprodukter, digitale produkter, utleige, cafevirksomhet og donasjonar/gåver.
- Ferdigstilla nybyggprosjektet trinn 1 og 2. : Åpne nytt hovedmuseum i Leirvik (både byggetrinn 1 og 2) innan utgang av strategiperioden.
- Styrka infrastrukturen ved Halsnøy kloster og Sæbøtunet (parkering, skilting, fagleg informasjon), samt ved dei mindre anlegga i museet.
- Vera i front med Kvinnherad kommune om å utvikla Klostervågen som eit fagsterkt knytepunkt for museet og Kystpilgrimsleia.

1. UTVIKTING AV MUSEETS ARENAER

- 1.1 Lage eigen marknadsføringspost i budsjett og laga årshjul for marknadsføring ved arenaer i drift.
- 1.2 Lansere nye og komplette konsept. Vurdera høgare billettprisar, vurderer auka pris på formidlingskonsepter, holde meir arrangement, satse på donasjon ved arenaer, styrka cafe- og butikk ved dei 3 hovudanlegga.
- 1.3 Lage rutiner for jevnlig vedlikehold av alle anlegg. Konservering, bygningsvern, drift, formidling og renhold.
- 1.4 Synleggjera alle anlegg fysisk og på nett. Nye informasjonsskilt, digital tilgjengelegheit.
- 1.5 Styrka bemanning på dei tre hovudanlegga. Sørga for meir helgeåpent museum. Arbeida for meir sesongbasert formidling ved alle anlegga (auka tilsetjing i museet og budsjett for auka formidling). Involvera kommunane i større grad om å synleggjera museumsanlegga.
- 1.6 Utvikla nye og engasjerande brosjyrar om museet.
- 1.7 Styrka nettverk for sogelag, venelag og andre frivillige for å betre kunne skapa liv i anlegga.

2. STRATEGISKE SAMARBEID

2.1 Definera mål for samarbeid: Vurdere kva for ambisjonar som skal nåast gjennom samarbeid. Vurdera internt og eksternt kompetansebehov, sjå på behov for eksterne strategiske ressursar og verdi/innteningspotensial.

2.2 Strategisk samarbeid med faglege konseptpartnarar (slik som Geopark Sunnhordland): Identifisere moglege partnarar og evaluera langsiktig potensial. Utvikla engasjerande og faglege konsept.

2.3 Strategiske samarbeid, nettverk: Inngå samarbeid med turisme- og desinasjonsnettverk. Identifisere moglege partnarar og evaluera langsiktig potensial. Utvikla engasjerande og inntektsgjevande konsept knytt til museet. Auka profesjonell digital design og fysisk infrastruktur til anlegga med tanke på destinasjonsnettverk.

2.4 Strategiske samarbeid, tilretteleggja for forskning og forkingssamarbeid: Inngå strategiske samarbeid om forking – Universiteter, FOU-organisasjonar og offentlege museer. Identifisere fleire moglege partnarar, evaluere fagleg kompetanse, og fagleg relevans for museet. Tilgjengeligjera ev. forking knytt til museet.

3. FINANSIERING OG EIGENINNTJENING

3.1 Målsetjing: Definere årlege mål for naudsynt finansiering og eigeninntening, som støtter museets ambisjonar.

3.2 Definera og arbeida systematisk med finansieringskjelder:

- Museet bør prioritera å få auka sine driftstilskot hjå medlemskommunar. Museet ligg langt etter tilsvarende regionsmuseums kommuneavtaler i Noreg. Det bør vurderast høgare krav til medlemskap i museet frå kommunane. Kommunal finansiering bør komme opp på linje med tilsvarende bidrag til liknande regionsmuseer i Noreg.
- Legga årlege strategiar for å auka driftstilskot frå fylkeskommune og stat.
- Gå i dialog med private aktørar og andre potensielle stiftingar om moglegheit for gåver og donasjon.
- Vurdera å opprette nye fond for bygningsvernsformål i museet.
- Søkja støtte til prosjekter- museet bør søkja om meir prosjektstøtte, til dømes offentlege tilskot, fond, gåver og stiftingar.
- Museet bør årleg vurdera auka nivå på billettprisar, utvikla gebyr for eksterne tenester og skapa donasjonsordningar.
- Vurdera å utvikla ein egen veneforeining for museet.

3.3 Stort rekrutteringsbehov innen merkantilt (administrasjon), drift, formidling, marknadsføring, salg, konservering og registrering.

3.4 Marknadsføring, laga profesjonell marknadsføring ved hjelp av god design, og auka tilknyttinga til destinasjonsnettverka. Laga årshjul for marknadsføring. Vurdera nye former for marknadsføring og skapa auka synligheit i kommunane med lave kostnadar.

PRIORITERING AV FN SINE BEREKRAFTSMÅL I MUSEET

Museet jobbar målretta for å realisere eit utval av FNs berekraftsmål i vår verksemd

VÅRE PRIORITERTE BEREKRAFTSMÅL

Mål 4:

God utdanning

Mål 11:

Berekraftige byar og samfunn

Mål 12:

Ansvarleg forbruk og produksjon

Mål 17:

Samarbeid for å nå måla

Sunnhordland museum støtter opp under alle FN sine berekraftsmål.

Museet prioriterar dei berekraftsmåla der vi i størst grad kan gjere ein forskjell; måla 4, 11, 12 og 17.

Som museum bidreg vi til kunnskapsformidling, særleg om immateriell kulturarv og bygningsvern. Vi har samstundes potensial til å bidra til å fremme ei berekraftig framtid. Museet kan bli meir bevisst på korleis vi forbruker og ivaretar ressursar. Kunnskap om berekraft kan vektleggast i formidlinga, og gjennom auka samarbeid for å nå berekraftsmåla.